

Arkiv: <arkivID><jplD>
PlanID-1263201407,
Plannavn-1263-
201407, Komnr-4631,
FA-L13

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 26.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
108/22	Utval for areal, plan og miljø	07.09.2022
136/22	Utval for areal, plan og miljø	09.11.2022
155/22	Alver kommunestyre	24.11.2022
160/22	Utval for areal, plan og miljø	07.12.2022

Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagene i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert ikkje teke til følge.

APM sender saka vidare med innstilling til vedtak i kommunestyret.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Utval for areal, plan og miljø 07.09.2022:

Handsaming:

Utvalet var på 5 synfaringar i saka før møtet tok til.

Framlegg frå Sveinung Toft-V:

APM utset saka og ber om meir informasjon for å få svar på konkrete spørsmål frå dei instanser/fagmiljøa som har laga planen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

APM- 108/22 Vedtak:

APM utset saka og ber om meir informasjon for å få svar på konkrete spørsmål frå dei instanser/fagmiljøa som har laga planen.

Utval for areal, plan og miljø 09.11.2022:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kari Veseth Kinden frå Vestland fylkeskommune (deltok via teams)

Framlegg frå Vigdis Villanger-Sp:

APM ber om at det vert laga reguleringsplan langs den kommunale Hopevegen med formål om å få regulert fortau fram til Mongstadkrysset.

Vidare ber me om at det i det seinare byggeplanarbeid vert sett på optimalisering av avkøyringar, tilkomstveggar og tilkomstveggar til landbruket (ved gnr 118/1).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

APM- 136/22 Vedtak:

APM ber om at det vert laga reguleringsplan langs den kommunale Hopevegen med formål om å få regulert fortau fram til Mongstadkrysset.

Vidare ber me om at det i det seinare byggeplanarbeid vert sett på optimalisering av avkøyringar, tilkomstveggar og tilkomstveggar til landbruket (ved gnr 118/1).

Alver kommunestyre 24.11.2022:

Handsaming:

Laila Bjørge-SP stilte spørsmål om habilitet då ho har deltatt som saksbehandlar i denne saka. Kommunestyret gjorde samrøystes vedtak om at ho er inhabil i denne saka. L.Bjørge deltok ikkje under handsaming av saka.

Framlegg frå I.Fjeldsbø-H:

Saken blir sendt tilbake til utval for areal, plan og miljø for ny vurdering
Framlegget vart samrøystes vedteke.

KO- 155/22 Vedtak:

Saken blir sendt tilbake til utval for areal, plan og miljø for ny vurdering

Utval for areal, plan og miljø 07.12.2022:


Handsaming:

Framlegg frå Vigdis Villanger-Sp:

Følgjande klager i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert tekne delvis til følge.

1. Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/ 1. Klagen vert delvis teken til følge ved at det vert lagt inn eit føresegningsområde (bestemmelsesområde) på plankartet med

teikningsutsnitt 003, vist på figur nedunder:



I føresegnene i eige punkt til dette føresegnsområdet skal det stå:

Innanfor føresegnsområde (ved gnr 118 bnr 1 m.fl.) skal det i samband med utarbeiding av byggeplan leggjast vekt på følgjande:

- Optimalisering av landbruksvegar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen.
- Tilkomstveg til naboeigedomen gnr 118 bnr 2 og 11 må leggjast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr 118 bnr 1 må rivast.

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 . Klagen vert teken til følgje ved at reguleringsplanen ikkje går lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet.

APM sender saka tilbake til administrasjonen for innarbeiding av planendringane i medhald av at dei to klagane er delvis tekne til følgje, jf. punkta ovanfor. Revidert reguleringsplan skal gå via APM før kommunestyret får reguleringsplanen til slutthandsaming.

Dei andre klagene frå følgjande personar vert ikkje tekne til følgje:

3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79

4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3

5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Grunngjevinga knytt til dei andre tre klagene går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

APM- 160/22 Vedtak:

Innstilling i APM - 07.12.2022:

Følgjande klager i sak 20/1203 på vedtak med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om godkjenning av framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad frå Alver kommunestyre, vert tekne delvis til følgje.

1. Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/ 1. Klagen vert delvis teken til følgje ved at det vert lagt inn eit føresegningsområde (bestemmelsesområde) på plankartet med teikningsutsnitt 003, vist på figur nedunder:



I føresegnene i eige punkt til dette føresegningsområdet skal det stå:

Innanfor føresegningsområde (ved gnr 118 bnr 1 m.fl.) skal det i samband med utarbeiding av byggeplan leggjast vekt på følgjande:

- Optimalisering av landbruksvegar, som sikrar tryggare kryssing over fylkesvegen.
- Tilkomstveg til naboeigedomen gnr 118 bnr 2 og 11 må leggjast meir parallelt med fylkesvegen i starten, og slik at ein også unngår at garasjen/ uthuset på gnr 118 bnr 1 må rivast.

2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 . Klagen vert teken til følgje ved at reguleringsplanen ikkje går lenger nord enn til innmarka på gnr. 126 bnr.1, profil 9110. Nytt reguleringsplankart må lagast for teikning nr 013 og teikning 014 går heilt ut. Føresegnene og planskildringa må reviderast i samband med denne endringa på plankartet.

APM sender saka tilbake til administrasjonen for innarbeiding av planendringane i medhald av at dei to klagane er delvis tekne til følgje, jf. punkta ovanfor. Revidert reguleringsplan skal gå via APM før kommunestyret får reguleringsplanen til slutthandsaming.

Dei andre klagene frå følgjande personar vert ikkje tekne til følgje:

3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79
4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3
5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Grunngjevinga knytt til dei andre tre klagene går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

SAKSUTGREIING

Saka gjeld klage på vedtak av Alver kommunestyre (KO) i sak 20/1203 med saknr. 038/22, datert 07.04.2022, om reguleringsplan (detaljplan) for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263-201407, som vist på plankart sist datert 20.08.2021 og med føresegner av revisjonsdato 20.08.21.

Planområdet er på om lag 999 daa og strekk seg langs den 10 km lange strekninga av fylkesveg 57 mellom Lindås tettstad i sør og Mongstad i nord (kryssar kommunegrensa mellom Alver og Austrheim).

Vedtaket frå Alver kommunestyre av 07.04.2022 har følgjande ordlyd:

«KO- 038/22 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Saksgang – PMU/APM og KO

Det vart varsla oppstart av planarbeidet i januar 2015, og det vart varsla utvida plangrense i januar 2017. I samband med oppstartsvarselet, vart det halde folkemøte i Lindåshallen 29.01.2015.

Forslag til detaljregulering var som sak 14/7379 i Plan- og miljøutvalet, PMU 17.10.2018 (i tidlegare Lindås kommune) vedtatt sendt ut til 1. gongs høyring, og låg ute til offentleg ettersyn i perioden 07.11.2018 – 20.12.2018.

Dei innspela som kom inn ved offentleg ettersyn førte til at det blei gjort fleire endringar i planforslaget, og som sak 018/21 vedtok Utval for areal, plan og miljø, APM 03.02.2021 å sende forslaget ut til 2. gongs høyring. Det låg ute til offentleg ettersyn i perioden 09.02.2021 – 23.03.2021.

Utval for areal, plan og miljø (APM) fatta vedtaket om godkjenning av reguleringsplanen i møte den 23.03.2022 med saknr. 032/22.

Vedtaket av 23.03.2022 har følgende ordlyd:

«APM- 032/22 Vedtak:

Innstilling i APM - 23.03.2022:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Vedtaket frå Utval for areal, plan og miljø (APM) vart oppretthalden av Alver kommunestyre (KO) i møte den 07.04.2022 med saknr. 038/22.

Vedtaket av 07.04.2022 har følgende ordlyd:

«KO- 038/22 Vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263 201407, som vist på plankart sist datert 20.8.21 og med føresegner av revisjonsdato 20.8.21.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12 – 12.»

Innstillinga frå utval for areal, plan og miljø vart samrøystes vedteke.

Det er vedtaket av 07.04.2022 frå Alver kommunestyre som er påklaga av 5 grunneigarar i planområdet.

Føremålet med reguleringsplanen

Det er Vestland fylkeskommune som har fremja reguleringsplan for Fv. 57 – gang-/sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad. Føremålet med planarbeidet er å fastsette areal til plassering og utforming/utbetring av eksisterande fylkesveg frå Lindås tettstad til Mongstad med vegstandard og dimensjoneringsklasse U-H4 standard, samt å etablere ny gang- og sykkelveg.

Køyrevegen blir utbetra med utviding og utretting av veglina fleire plassar. Avkøyrslar blir sanert, vegkryss og kulvert utbetra. Nye kryssingar blir etablert for gåande/syklende.

Langs heile strekket er det satt av areal for midlertidig rigg og anleggsbelte som sikrar gjennomføring av prosjektet.

Bakgrunnen for planarbeidet er at det i dag manglar tilbod til mjuke trafikantar langs fylkesveg 57 på heile strekninga mellom Lindås tettstad og dei sentrale næringsområda på Mongstad. Gåande og syklande må forflytte seg langs bilvegen. Fv. 57 er ein del av det overordna fylkesvegnettet i Hordaland som har ein viktig regional funksjon. Den eksisterande vegen har ein relativt låg vegstandard og høg trafikkbelastning. Det er registrert mange trafikkulykker her. Fartsgrensa er 70 km/t mellom Lindås tettstad og Lauvås, og 80 km/t frå Lauvås til Mongstad, med unntak av 60 km/t ved Lauvås og på Hope. Store delar av dagens veg har ein breidde på under 7,5 meter, og vegen har dermed ikkje tilfredsstillande breidde etter regelverket.

Reguleringsplanen skal betre trafikktryggleiken for alle, både harde og mjuke trafikantar, innanfor heile planområdet.

Planområdet strekk seg frå Lindås tettstad i sør til Mongstad i nord, ved kommunegrensa mellom Lindås og Austrheim. Planområdet fylgjer stort sett dagens fv. 57 og omfattar oppgradering av kryss ved Lindås tettstad (Kolås sør), nytt kryss til framtidig bustadområde rett nord for Lindås tettstad (Kolås nord), oppgradering av kryss på Lauvås, Mongstad sør og Hope.

Vegen er ei viktig ferdselsåre som bind saman viktige næringsområde, senterområde og bustadområde. Det er i hovudsak spreidd busetnad langs fylkesvegen. Ved Lindås tettstad, som har funksjon som lokalt sentrumsområde, er busetnaden meir konsentrert med fleire større bustadfelt. I nord, ved Mongstad, er det eit stort næringsområde som er forsyningsbase for olje- og gassindustrien (Mongstad sør) og oljeraffineri (Mongstad nord). Utover dette er dagens arealbruk stort sett landbruks-, natur- og friluftsområde. Dagens veglinje ligg nære Tjukketvatnet som i dag forsyner Mongstadområdet med industrivatn. Tjukketvatnet skal nyttast som framtidig drikkevasskjelde.

Mange av bustadene langs fylkesvegen har dårlege avkøyrslar og vegen er ein vesentleg barriere for ferdsel i og mellom grendene langs vegen. Det er også eit stort tal på landbruksavkøyrslar frå fylkesvegen. Dei som bur i grendene nordover har skuleskyss til barne- og ungdomsskule på Lindås. I barnetråkkregistreringa er både Lauvås-krysset, Knarvik nord-krysset og Hope nemnd som utrygge punkt. Vidaregåande skule ligg i kommunesenteret Knarvik, men mange vel også å gå på vidaregåande skule i nabokommunen Austrheim. Det går skuleskyss begge vegar. Trygg tilkomst til busshaldeplassar er viktig for ferdselen i nærmiljøa langs vegen.

Det er i hovudsak spreidd busetnad langs vegen, og ein høg andel av desse har eigen avkøyring. I tillegg er det mange landbruksavkøyrslar langs vegen. Strekinga er på om lag 10 km og har varierende breidde frå ca. 6,8 m til over 8 m. Vegen har ei asfaltert skulder på ca. 30 cm, og utanfor dette ei uasfaltert skulder med varierende breidde.

Terrenget er lett kupert og vegen er delvis tilpassa terrenget. Enkelte plassar er kurvaturen på vegen knapp, noko som gjer at vegen ikkje har den standarden den bør ha i høve til funksjonen vegen har. Langs eksisterande Fv. 57 frå Lindås tettstad til Rosnesvågen går i dag hovudvassleidninga til industriområda på Mongstad og i tillegg vidare ut i Nordsjøen på båt.

På strekinga mellom Hellestveit til sør for Hope går høgspenteleidning 132 kV og 420 kV tett i vestsida av Fv. 57 i luftspenn. På strekinga mellom Lindås tettstad og til Mongstad går høgspenteleidning 22 kV i luftspenn. Mellom Hellestveit og Hope er linja lagt i kabel. Med unntak av den kabla strekinga ligg denne høgspenteleidninga i god avstand til eksisterande Fv. 57.

For nærare opplysningar om planforslaget vert det vist til planskildringa, saksframlegg til 1. gongs handsaming i PMU samt planframlegg til 2. og 3. gongs handsaming i APM og KO, som ligg vedlagt saka.

Klage

Kommunen har mottatt klager frå 5 grunneigarar innafør planområdet over vedtak fatta av

Alver kommunestyre av 07.04.20221:

1. Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1
2. Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7
3. Rita Waagenæs – gbnr 116/79

4. Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3

5. Karstein Stene – gbnr 116/36

Klagerett og klagefrist

Dei 5 grunneigarane innafor planområde har klagerett på vedtak om reguleringsplan som part i saka, jf. plan- og bygningslova (pbl.) §12-12 tredje ledd, jf. §1-9 og forvaltningsloven (fvl.) §2 bokstav b).

Vedtak fatta av Alver kommunestyre den 07.04.2022, er sendt ut 23.04.2022 og kunngjort påfølgande virkedag 25.04.2022 med 3 vekers klagefrist innan 16.05.2022.

Klagen frå Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1

er datert 12.05.2022 og rettidig (innan rett tid) mottatt 13.05.2022.

Klagen frå Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7 er rettidig mottatt 10.05.2022.

Klagen frå Rita Waagenæs – gbnr 116/79 er datert 14.05.2022 og rettidig mottatt 16.05.2022.

Klagen frå Harry Michal Rosnes – gbnr 117/3 er datert 14.05.2022 og mottatt 19.05.2022. Kommunen har lagt til grunn datert dato, den 14.05.2022. Dette fordi då skrivet kan ha vore forsinka med postgangen som klagar ikkje forutså. Klagen vurderast å vere rettidig mottatt.

Klagen frå Karstein Stene – gbnr 116/36 er rettidig mottatt den 04.05.2022.

Klagegrunnar og vurdering av klager


Dei 5 klagane vert i utgangspunktet systematisert og vurdert kvar for seg. Det vert gjeve oversikt av grunneigars/klagars merknad/innspel, tilsvar frå Vestland fylkeskommunen, uttale frå Landbruk (der det er aktuelt) samt kommunen si vurdering av planprosessen og klagen.

Det overordna vurderingstemaet er kor inngripande planen er, der styrken av samfunnsinteressene vert målt opp mot grunneigars interesse. Dette beror på ein konkret heilskapleg vurdering.


Klagar nr. 1 – Olav Kåre Tykhelle representert av Advokatfirmaet Harris – gbnr 118/1

Kart/foto – plankart 3 og ortofoto – gbnr 118/1


Plankart 3 - oversikt




Plankart 3 – utsnitt vedlagt klagen - gbnr 118/1




Det er i plankartet (austsida av fylkesvegen) stengt avkøyrsl for køyretøy (ikkje gåande) tvers ovanfor avkøyrsla til gbnr 188/1. For kryssing med køyretøy/landbruksmaskiner er det veg f_SV7 og køyring på GS-veg som er løysinga.



Ortofoto Alver 2020 - gbnr 118/1



Gardskart vedlagt klagen – gbnr 118/1



Nr. 1 Plankart 3	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til oppstart reguleringsplan	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 118/1	Olav Kåre Tykhelle, 29.01.2015	<p>I – Dårleg og uoversiktleg avkøyrsl på vestsida av fv.57 til gardstun (118/1).</p> <p>II - Avgrensa tilkomst til dyrka mark/utmark/skogsområde på andre sida av fv.57. Traktor/saktegåande reiskap må krysse fv.57. Ber om løysing for tilgang til austsida utan kryssing av fv.57 (undergang). Same behov for andre landbrukseigedomar på Tykhelle.</p> <p>III – Ønske om å få g/s-veg på vestsida på enkelte strekningar, t.d. Lindås – Tykhelle. Kryssing ved Tykhelle.</p>	<p>Merknaden vert teke til orientering.</p> <p>I – Avkøyrsla vert utbetra med gode sikttilhøve.</p> <p>II – Det er ikkje lagt opp til nye planfrie landbruksundergangar i planen.</p> <p>III – SVV har gjennom ein grundig og samla vurdering lagt gang- og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen på heile strekninga. Jamfør notat om val av side for gs-vegen i vedlegg til</p>	-

		IV – Øydelegging av elva frå Tykhellevatn ved bygging av ny veg bør rettast. Regnbogeaura og sjøaure må kunne gå opp i Tykhellevatnet.	planforslaget. IV- Det vil bli tilrettelagt for oppgang av fisk til Tjukketlevatnet	
gbnr 118/1	Olav Kåre Tykhelle, 21.02.2017	Viser til godkjend midlertidig avkøyrsla frå eigedomen 118/2. I søknaden er det argumentert for å bruke denne avkøyrsla også for andre eigedommar på austsida av vegen. Dette er ikkje ønskeleg og må ikkje vektleggast i den vidare planprosessen. <u>Vedlegg:</u> Søknad om løyve for ny avkøyrsl frå Asgeir Helle med tilhøyrande svarbrev frå Statens vegvesen	Den midlertidige avkøyrsla frå eigedomen 118/2 er ikkje ein del av reguleringsplanen	-

Nr. 1 Plankart 3	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til 1. gongs offentleg ettersyn	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 118/1	Olav Kåre Tykhelle, 25.11.2018	Eigar av gnr./bnr. 118/1 på Tykhelle. Garden blir delt av fv. 57 med hus og driftsbygning på vestsida og dyrka mark, utmark og skog på austsida. Alle tre gardsbruk på Tykhelle (118/1-2 og 3) er stort sett delt på denne måten. Gardane kom før vegen. Etter bygging av ny veg på 70-talet blei det vanskeleg for gardsbruka på Tykhelle å kunne nytta området på austsida. Vart i samband med prosessen med ny veg foreslått undergang mellom aust og vest samt å samle avkøyrslar. Noko kom med på planteikningar men vart ikkje utført. Det som vart etablert blei ei svært dårleg løysing for gnr./bnr. 118/1. 1. Minner om at det som blir bygd no skal vere		-

		<p>framtidisretta og til nytte for alle brukarar. Stiller eit ufråvikeleg krav om at det må etablerast køyrbar overgang/undergang på staden.</p> <p>2. Viser til ny tilførselsveg frå bruk 118/3 samt vidare veg til nytt pumpehus som kommunen skal bygga i sørenden av Tykhellevatn, og som er lagt gjennom gardstun. Vil ikkje at ein skal legge til rette for gjennomgangstrafikk til naboen sitt gardsbruk og vidare til pumpehus med denne traséen. Atkomstveg til 118/2 og 3 må leggest parallelt med ny fv. 57 og slik knytast mot eksisterande vegar.</p> <p>3. For å få fram budskapet vert det oppmoda til synfaring på staden i næraste framtid.</p>	<p>1. Det er ikkje lagt opp til nye planfrie kryssingar i planen, med unntak av dei punkta der dette er naudsynt med omsyn til mengde kryssande trafikk</p> <p>2. I revidert plan er tilkomstvegen til pumpehuset lagt om, f_SV76. Vegen ligg no parallelt med fylkesvegen fram til steingarden og går derfrå vidare opp til garasje og inn på eksisterande veg. Det er lagt opp til at garasje/uthus på gnr. 118 bnr. 1 må rivast ved bygging av f_SV10 og f_SV11. Ein har vist mogleg ny plassering som ein illustrasjon i plankartet sør for f_SV10.</p> <p>3. Synfaring er gjennomført 12.11.19 der grunneigar vart orientert om prosjektet og vidare prosess.</p>	
gbnr 118/1	Olav Kåre Tykhelle, 11.12.2018	<p>1. Ikkje mottatt bekreftelse på at tidlegare innsendte skriv er mottatt.</p> <p>2. Var på open kontordag</p>	<p>1. Lindås kommune har dessverre ikkje høve til å bekrefte at dei har mottatt merknader. Alle innkomne merknader ligg i Lindås kommune si innsynsløysing under det aktuelle saksnummeret.</p> <p>2. I planprosessen har trafikktryggleiken</p>	

		<p>om planframlegget. Meiner at Statens vegvesen ikkje har forstått at på Tykhelle er det gardsbruk som vert delt av fv. 57, og at ein ikkje har sikker tilkomst for drift av gardsbruka slik som planframlegget er vist no.</p> <p>Landbrukskontoret må også på bana for å ivareta tryggleiken angående dette. Minner om at ein no må tenkje langsiktig i planar, og at ein må ta dei som bur tett opp til ein svært trafikkfarleg veg, der trafikken vil auka enda meir og farten skal setjast opp, på alvor.</p>	<p>for alle brukarane vært i fokus. Avkøyrslene som er planlagt har god utforming og sikt. Å nytta fylkesvegen for å kome til jordbruksareal på motsett side vil ikkje utgjere ein vesentleg risiko i trafikken. Det vil difor ikkje bli sett på etablering av planfri kryssing i dette området.</p>	
--	--	---	--	--

Nr. 1 Plankart 3	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til 2. gongs offentleg ettersyn	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 118/1	Olav Kåre Tykhelle	<p>1. Finn ikkje noko om tidl. innspeil til kommunen er tatt opp. Det er heller ingen som har teke kontakt eller vore med på befarig frå kommunen (15.03.21).</p> <p>2. Har vanskeleg for å forstå at framtidig tilkomst til eigedomen og den planlagde sykkel- og gangstien på austsida kan nyttast utan å risikera liv og helse. Har bedt om at det vert planfri kryssing av fv. 57. (15.03.21).</p> <p>3. Eigedommen har bruksareal på begge sider av FV57. Har både før planarbeidet starta, og etter første høyringsrunde gjort det klart at det må etablerast planfri kryssing av FV57.</p>	<p>1. Statens vegvesen og dåverande Lindås kommune har hatt synfaring med grunneigar etter 1. gongs offentleg ettersyn.</p> <p>2. Fv. 57 Lindås tettstad – Mongstad er prosjektert og planlagt i tråd med Statens vegvesen sine handbøker som sikrar ein trafikksikker køyreveg samt gang og sykkelveg.</p> <p>3. Bruk 118/1 har i vest tilgang til landbruksareal via avkøyrslen f_SV10. Aust for fv. 57 er det tilkomst til landbruksareal gnr. 118 bnr. 1 via veg f_SV7 og køyring på GS-veg. Stengesymbol ved pel 2010 og 2110 vert vidareført. Viser elles til svar under punkt 2.</p>	1, 2 og 3. Tatt til orientering.

		<p>4. Meiner at ROS-analyse ikkje har tatt høgde for stengde landbruksavkøyrslar (19.03.2021).</p> <p>5. Tilførselsvegar til naboane på 118/2 og 3 er ikkje teikna av nokon som har vært på staden og sett på området.(19.03.21)</p> <p>6. Ønsker at ansvarleg beslutningstakar tek ei befarung på staden saman med grunneigar (19.03.21)</p>	<p>4. Planforslaget legg opp til ein trafikkikker veg i tråd med vegnormalen N100 med bl.a. sanering av avkøyrslar og ein ny GS-veg som skal sikre dei mjuke trafikantane. Sannsyn for trafikkulykker på fv. 57 vil vere til stades. Planforslaget legg til rette for trafikkisikre løysingar for å redusere og unngå uønskte trafikkhendingar.</p> <p>5. SVV og Alver kommune har vore i dialog og hatt synfaring med grunneigar av bruk 118/2 og 3 i samband med ny vegløyising etter 1.gongs offentleg ettersyn i 2019. Løysinga er i tråd med krava i vegnormalane.</p> <p>6. Det har tidlegare i planprosessen vore synfaring med SVV og Alver kommune.</p> <p>Ikkje tatt til følgje. Ingen endring i planforslaget.</p>	<p>4. Kommunedir ektøren ser at ROS analysen ikkje har spesifisert konsekvensane av stengde landbruksav køyrslar isolert sett, men vurderer at analysen samla sett tar for seg kva konsekvens planforslaget får for det arealbeslaget som går av landbruksjord i utbygginga.</p> <p>Dette er vidare vekta opp mot fordel/ulem per i planforslaget for utbygginga. Så har forslaget tilrettelagt for anten nye eller alternative løysingar for dei avkøyringane som vert stengd.</p> <p>5. og 6. Tatt til orientering</p>
--	--	---	---	--

Nr. 1 Plank art 3	Frå	Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Uttale til klage - Landbruk	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 118/1	Olav Kåre Tykhelle, 12.05.20 22	<p>2 hovudkrav vert sett fram i klagen.</p> <p>Krav 1: <u>Landbruksundergang</u></p> <p><u>Tilkomst til landbruksområde</u></p> <p><u>Kryssing av fylkesvegen</u></p>	<p>Generelt for fleire av punkta teke opp i klagen, gjeld at desse også kommentert i Merknadsskjema – 2.gongs offentleg ettersyn (vedlegg 24), herunder punkt 3.</p>		

		<p style="text-align: center;"><u>Sikt</u></p>			
		<p>Krav 2: <u>Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178</u></p> <p>Krav 1: <u>Landbruksundergang.</u></p> <p>Landbruksundergang sikrar tilkomst til landbruksarealet på begge sider av fv. 57 samt sikrar trygg overgang for fotgjengarar og dyr.</p>	<p>Krav 1: <u>Landbruksundergang</u> Det vert i klagen sett fram krav om regulering av køyrbar undergang som sikrar tilkomst til landbruksareal. Etter N100 er det sett krav om at landbruksundergang skal ha fri høgd på 4,2 meter. I tillegg kjem overbygningen av vegen, toppstøyp på kulvert, tak, samt fundament på kulvert. Dvs at ein då må ned 5-6 meter under vegen. For å komme opp og ned til kulvert, må det byggast nye vegar i området, noko som er arealkrevjande, og vil føra til at ein brukar ein større del av jordbruksarealet til dette. Det er etter fylkeskommunen sitt syn ikkje tilrådeleg med ei slik løysing her</p> <p><u>Tilkomst til landbruksområde</u> e I vegplanar er det alltid eit mål å sanera avkøyrslar, då det er eit faktum at di fleire avkøyrslar det er</p>	<p>Krav 1: <u>Landbruksundergang</u> Ved gbnr 118/1 er garden delt av fv 57 slik at driftssenteret (bygningar med meir) ligg på vestsida medan delar av jordbruksarealet og i all hovudsak all skog ligg på austsida av fylkesvegen.</p> <p>Landbruk støtter tanken om en landbrukeundergang under forutseting av at minst mogeleg jordbruksareal går tapt.</p> <p>Alternativt må det planleggjast og kostast ein tilførselsveg til området aust for gnr. 118, bnr. 1. Dersom tilkomstvegen er for lang, vil det fort verte freistande å krysse vegen der det ikkje er tenkt. Dette gir trafikale ulemper.</p> <p>Areala på austsida for dette bruket ikkje er omtala i planen. Dette er uheldig. Landbruk ber om at ei slik omtale og kva</p>	<p>Krav 1: <u>Landbruksundergang</u> Planen tar ikkje tilstrekkeleg omsyn til mogleg landbruksdrift på gbnr. 188/1. Ynskjer køyrbar undergang som sikrar tilkomst til landbruksarealet på begge sider av fylkesvegen.</p> <p>Det er i plankartet (austsida av fylkesvegen) stengt avkøyrslar for køyretøy (ikkje gåande) tvers ovanfor avkøyrsla til gbnr 188/1. For kryssing med køyretøy/landbruksmaskiner er det veg f_SV7 og køyring på GS-veg som er løysinga.</p> <p>Det er ikkje nye moment i saka. Samtidig har klagen lagt meir vekt på på at det er eit planfritt kryssing som sikrar tilkomst til landbruksareal han ynskjer seg. Etter N100 vil vera krav om frihøgd på 4,2 meter for landbruksavkøyrslar, og det må byggast nye vegar i området for å komme opp og ned til kulverten.</p> <p>Landbruksavkøyringa hans som i dag har kortare avstand til hans bruk (på motsett side/aust for fv.) blir no samla saman med andre avkøyringar på motsett side og blir via f_SV7.</p>

			<p>langs ein veg, di høgare er ulukkesrisikoen. Bruk 118/1 har i vest tilgang til landbruksareal via avkøyrsl f_SV10. Aust for fv. 57 er det tilkomst til landbruksareal via veg f_SV7 og køyring på GS-veg. Det vil i samband med bygging kunne leggjast til rette for tilkomst frå gang- og sykkelvegen til landbruksareal. For landbruksmaskin er vert det vist til f_SV10 og f_SV7.vist til f_SV10 og f_SV7.</p> <p><u>Kryssing av fylkesvegen</u> Areal merka med o_SGG4 i plankartet, tvers ovanfor avkøyrsla til 118/1, viser areal tilrettelagt for kryssing av fylkesvegen, og gir direkte tilkomst til gang- og sykkelvegen. Det er ikkje lagt opp til andre planfrie kryssingar i planen, med unntak av dei punkta der dette er naudsynt med omsyn til mengde kryssande trafikk.</p> <p><u>Sikt</u> Det vert i klagen vist til bilete som</p>	<p>konsekvensar det vil ha for desse areala, vert innarbeidd i planen og at planen vert vurdert ut i frå det.</p> <p>Landbruk har generelle merknadar til planen som også gjeld gbnr 118/1.</p> <p><u>Oppsummert frå Landbruk:</u> I planen er det lagt stor vekt på konsekvensar for areala medan vurdering av driftsmessige ulemper for landbruket er fråverande.</p> <p>Bandlegginga av areal langs fv 57 inneber at bruka mister tilgang til/får forverra tilkomst til bakanforliggjande areal og mellom driftsenter og landbruksareal. Det er såleis langt meir areal enn kva tekstdelen i planen synleggjer, som vert råka.</p> <p>Dei som får slik redusert tilkomst, bør som avbøtande tiltak få tilgang til gang og sykkelsti (g/s) til transport. Det vil sei at g/s må dimensjonerast til</p>	<p>Dette inneber eit lenger strekk for han å køyre med landbruksmaskiner som er meir trafiksikkert enn at klagar skal krysse fylkesvegen direkte frå den eine sida til andre.</p> <p>Slik fylkeskommunen skriv så er det kun lagt opp til planfrie kryssingar i reguleringsplanen der dette er naudsynt med omsyn til mengde kryssande trafikk.</p>
--	--	--	--	--	---

		<p><u>Sikt</u> Det er ikkje planlagt for kryssing for mjuke trafikantar frå nord mot sør i området eller for landbruksmaskiner og dyr. Det er høg fart i området og dårleg sikt både mot aust og vest.</p>	<p>syner sikt mot aust og vest, frå Tykhelle si avkøyrslé. Bileta viser dagens situasjon, og tek ikkje høgde for ny utforming av veg og avkøyrslé. Ny veg er utforma etter N100, og det vert stilt krav til både vertikal og horisontal geometri, slik at det skal vera tilstrekkeleg sikt både framover og bakover på vegen, og i kryss og avkøyrslé. Sikta i avkøyrsla til 118/1 er det skraverte feltet på begge sider av avkøyrsla, markert med 4x130 meter. Det betyr at når ein står 4 meter frå vegkant/kvit stripe kan ein sjå minimum 130 meter til begge sider.</p> <p>2. <u>Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178</u> Det har tidlegare i prosessen vore synfaring og dialog med eigarar av bruk 118/1 (12.11.2019), og med eigarar av bnr.2 og 3 i samband med ny vegløyising etter 1.gongs offentlig ettersyn i 2019. I nokre tilfelle kan det vera</p>	<p>tømmerbiltransport og at det vert skilta at dette er lovleg transport.</p>	<p>2. <u>Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178</u> Regulert tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178 må leggast om den inneber at garasjen til klagar må rivast. Klagar ynskjer at denne blir opparbeida parallelt med fv. 57 slik det er gjort for Mongstadvegen 142.</p> <p>Det vert også vist til fylkeskommunen si</p>
--	--	--	--	---	---


		<p>2. <u>Endra tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178</u> Tykhelle sin garasje må rivast for å opparbeide veg fram til Mongstadvegen 174 og 178 s. Regulert tilkomst til Mongstadvegen 174 og 178 må leggest om. Vegen til Mongstadvegen 174 og 178 må opparbeidast parallelt med fv. 57 slik som på</p>	<p>utfordrande å finna løysingar som tilfredsstillar ynskje og krav frå alle involverte partar. For den føreslegne løysinga er lagt opp til at garasje på gnr. 118 bnr. 1 må rivast ved bygging av f_SV10 og f_SV11. Mogleg ny plassering av garasje er vist som ein illustrasjon i plankartet sør for f_SV10, og erstatning vil bli ein del av grunnervet.</p>		<p>vurdering. Mogleg ny plassering av garasje er vist som ein illustrasjon i plankartet sør for f_SV10, og erstatning vil bli ein del av grunnervet.</p> <p>Klagars krav er kommentert/ vurdert tidlegare i merknad til 3. gongshandsaming og 1 gong.</p> <p>Det er ingen nye moment til klagen. Plan vert ikkje endra.</p>
--	--	--	---	--	---

		motsatt side av vegen, til Mongstadvegen 142.			
--	--	--	--	--	--


Klagar nr. 2 - Liv Marit og Øyvind Hope- gbnr 126/7

Kart/foto – plankart 13 og ortofoto – gbnr 126/7


Plankart 13 - Oversikt



Ortofoto Alver - gbnr 126/7



Gardskart – gbnr 126/7



Nr. 2 Plankart 13	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til oppstart reguleringsplan	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 126/7	Liv Marit og Øyvind Hope, 13.02.2015	<p>I – Betre løysing med g/s-veg på vestsida av fv.57 nord for nedkøyringa til Hopsvågen.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gardsvegen til 126/3 langs fv.57 på vestsida kan oppgraderast (bygd av vegvesenet). • Same side som bygda Kjeilen ved kommunegrensa. <p>II – Ber om en undergang for gåande på fv.57 rett etter nedkøyringa til Hopsvågen. Trong for eit trygt kryss der fv.57 deler bygda Hope i to, spesielt for skuleelevane. Sikker tilkomst til busstopp og g/s vegen.</p>	<p>Merknaden vert tatt til orientering.</p> <p>I – Viser til merknad 11 og pkt. III</p> <p>II - Krysset på Hope (ved bensinstasjonen) vert utbetra og vi planlegg å føre vegen frå Hopsvågen ut i dette krysset via ein undergang under fv. 57. Vegen frå</p>	-

		<p>III – Landbruksavkøyring til dyrka mark av 126/7 på vestsida må ikkje sperrast.</p>	<p>Hopsvågen er planlagt med fortau for å ivareta dei mjuke trafikantane. Eksisterande kryss til Hopsvågen vert stengt.</p> <p>III – På grunn av trafikktryggleik er jordbruksavkjørsla stengt i planen.</p>	
--	--	--	--	--

Nr. 2 Plankart 13	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til 1. gongs offentleg ettersyn	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 126/7	Liv Marit og Øyvind Hope, 19.12.18	<p>1. Krev at innmark som vart erverva då fv. 57 vart bygd blir brukt til det planlagde tiltaket heller enn å ta meir areal på austsida. For eit lite bruk vil også eit mindre inngrep i dyrka areal ha stor betydning. Mindre konsekvens for dyrka areal at Statens vegvesen brukar areal vest for eksisterande veg.</p> <p>2. Meiner at det er planlagt ei for plasskrevjande</p>	<p>1. Det er gjort ei vurdering av kor GSveg skal ligge langs eksisterande fylkesveg. Det er utarbeida eit notat der desse vurderingane framkjem, sjå vedlegg 15. På strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag. Det er vurdert ei løysing med gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, noko som vil medføre utfylling i Hopsvatnet. Ein har ut frå ei samla vurdering konkludert med at gang- og sykkelvegen skal ligge på austsida av eksisterande veg, i ei avveging mellom naturverdiar, dyrka mark m.m. og målpunkta langs gang- og sykkelvegen.</p> <p>2. Hovudmålet med prosjektet er å byggje ein gang- og sykkelveg som er trafikksikker og har god framkome for mjuke trafikantar. I tillegg ynskjer ein å betre standard og</p>	

		<p>løysing i høve det reelle behovet på strekninga.</p>	<p>trafikktryggleik på fv. 57 til U-H4 standard. Kriteria som er styrande for val av vegstandard er vegen sin funksjon, fartsgrense og trafikkmengda i prognoseåret 2050. Den aktuelle parsellen er ein viktig hovudveg som knyt store næringsområde saman med E39. Fartsgrensa er i dag stort sett 70 km/t eller 80 km/t og ein kort strekning med 60 km/t ved Lauvås. Trafikkmengda i prognoseåret vil vere om lag 4600- 6200. Med dette som utgangspunkt blir U-H4 med ÅDT 4000 – 6000 og fartsgrense 80 km/t standardval. Standard for gang- og sykkelvegen er 3 meter breidde + 0,25 meter skulder på begge sider. Rabatten mellom køyreveg og gang- og sykkelveg er 3 meter ved dimensjonerande fartsgrense 80 km/t og 1,5 meter ved dimensjonerande fartsgrense på 60 km/t. Det er valt ei løysing med rabatt for å unngå unødig bruk av rekkverk. Rekkverk vil vere ei ny barriere langs vegen i eit område som i dag er ope.</p> <p>3. Langs fv. 57 er det planlagt eit hovudtilbod for gåande og syklande langs fylkesvegen. Det er lite trafikk langs den kommunale vegen frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstadkrysset. Denne vegen kan framleis nyttast til blanda trafikk for dei som ynskjer det. Denne vegen kan også være ein del av eit mogleg byggetrinn om ein ikkje</p>	
--	--	---	---	--

		<p>3. Frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Lurer på kva som er grunnen til at denne ikkje vert gjort om til gang og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute. Det er der folk bur. Når det gjeld gåande og syklande frå Kjeilen er det òg her veg i samband med den kommunale veggen.</p> <p>4. Usikker på kva argument som ligg til grunn for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå Kolås-krysset til Mongstad.</p>	<p>får finansiert utbygging av heile strekninga.</p> <p>4. Med særleg vektlegging av trafikktryggleik og at ein ikkje skal kome i konflikt med miljøverdiar og høgspenteledning er ny gang- og sykkelveg planlagt på austsida av fv. 57 gjennom heile planområdet. Det er gjort eit grundig arbeid med å vurdere kva side ein bør legge gang- og sykkeltilbodet. Ei rekke kriteria er vurdert. Det er konkludert med at det er best å legge gs-vegen på austsida av fv. 57 frå Lindås tettstad og fram til krysset på Hope (lengde 8,8 km). På den vidare strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag. Når det gjeld kva side av veggen gs-tilbodet skulle ligge her ønska ein å avklare dette i samråd med Austrheim kommune då planarbeidet heng saman med tilstøytane reguleringsplan for Austrheim grense – Mongstad. Ut frå ei heilheitleg vurdering av gs-tilbodet langs fv. 57 mellom Lindås og Mongstad blei det konkludert med at det ville vere rett å halde same side på heile strekningen. Det ville ha vore ei meir attraktiv plassering på vestsida mellom Hope og Keilen/Mongstad, men opp mot ulempene ein får ved å måtte krysse</p>	
--	--	--	--	--

		<p>5. Lurer på korleis Lindås kommune har tenkt å knyte tidlegare framlagte planar for kryss/rundkøyring ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad til denne planen.</p>	<p>fylkesvegen i kulvert på flere punkt fann ein at det beste var å halde seg på austsida over heile strekninga.</p> <p>5. Planarbeidet for fv. 57 med gang- og sykkelveg - Lindås tettstad- Mongstad legg ikkje hindringar for etablering av nytt kryss til framtidig næringsareal i ein framtidig områdeplan. Dette går fram i notat datert 24.09.18, Notat 616504- PLAN-NOT-001 Vurdering av nytt kryss og vegløyising som avsett i kommunedelplan Lindåsneset med Mongstad. Notatet er vedlegg til reguleringsplanen</p> <p>6. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk før anlegget blir sett i gong.</p> <p>7. Det har vore dialog og synfaring på eigedomen i løpet av planprosessen. Synfaring vart utført 06.03.2017. Statens vegvesen forsøker å ha ein best mogeleg kontakt gjennom planprosessen, men på ei lang strekning med mange eigedomar er det vanskeleg å følgje opp alle i så stor utstrekning som grunneigarar gjerne ynskjer. Etter offentlig ettersyn har hatt ei synfaring 12.11.19 med grunneigar.</p>	
--	--	--	--	--

		<p>6. Tolkar planen slik at det ikkje vil bli gjort støytak sjølv om hus ligg i raud støysone. Meiner dette er heilt uakseptabelt.</p> <p>7. Synes framgangsmåten til SVV har vore dårleg då dei har bedt om dialog tidlegare.</p> <p>8. Etablert landbruksavkøyring for tilkomst til dyrka areal på vestsida då fv. 57 vart bygd. Finn ikkje denne att i høyringsutkastet, heller ikkje skildring av korleis denne skal erstattast. Må få svar på korleis dette skal løysast.</p>	<p>8. Jordbruksavkøyrslene er vist stengt i plankartet. Egedomen på nordaustsida av fylkesvegen har tilkomst via kommunal veg.</p> <p>Jordbruksavkøyrsla som ligg på sørvest sida av fylkesvegen vert stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkøyrsla kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig utbygd. Vegen vil få ein anna standard enn den har i dag. Difor finn ein det naudsynt å stenga tilkomsten. Eventuelle ulemper knytt til stenginga med omsyn til lengre køyreveg eller vanskeleggjering av tilgangen til område på vestsida vil verte vurdert som ein del av grunnervervet i byggefasen.</p> <p>9. Synfaring er gjennomført 12.11.19 der grunneigar vart orientert om prosjektet og vidare prosess.</p>	
--	--	--	---	--

		<p>9. Håpar på positiv dialog, og reknar med at innspela blir tatt med i det vidare arbeidet med planen. Ynskjer å møte SVV og Lindås Kommune for ny synfaring for å sjå på løysingar gjeldande område HopeKjeilen-Mongstad.</p>		
--	--	--	--	--

Nr. 2 Plankart 13	Frå	Samandrag av merknader/innspele til 2. gongs offentleg ettersyn	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 126/7	Liv Marit og Øyvind Hope	<p>1. Då FV57 vart bygd, tok Statens 10 mål av innmarka på bruket vårt. Mykje av dette ligg urørt på vestsida av vegen. Me har tidlegare peika at dette arealet må nyttast til den skisserte utvidinga. Me registrerer at det er ikkje teke omsyn til dette i høyringsutkastet. Me krev at dette arealet må nyttast framfor å ta meir areal frå oss på austsida.</p> <p>2. Når det gjeld samfunnsøkonomi spør me om dette er god forvaltning av ressursar. Frå</p>	<p>1. På strekninga frå Hope til Keilen-krysset er det tilrådd at arealinngrepet bør skje på austsida av eksisterande fv. 57 av omsyn til Hopsvatnet med tilhøyrande vassdrag.</p> <p>2. Langs fv. 57 er det planlagt eit hovudtilbod</p>	

		<p>bensinstasjonen på Hope og til Mongstad-krysset går det ein kommunal veg. Kva er grunnen til at denne ikkje vert gjort om til gang og sykkelveg med opning for køyring til eigedommane og open for buss/skulerute? Kva argument det er for å leggje gang og sykkelvegen på austsida av fylkesvegen frå</p> <p>3. Kolås krysset til Mongstad. Tidlegare Lindås kommune har tidlegare lagt fram planar for kryss/ rundkøyring ved skytebana på Hope og ny veg gjennom tunell til Mongstad. Korleis har de tenkt å knytte dette saman med denne planen?</p>	<p>for gåande og syklande langs fylkesvegen. Det er lite trafikk langs den kommunale vegen frå bensinstasjonen på Hope og til Mongstadkrysset. Denne vegen kan framleis nyttast til blanda trafikk for dei som ynskjer det. Denne vegen kan også være ein del av eit mogleg byggetrinn om ein ikkje får finansiert utbygging av heile strekninga. Det er gjort ei vurdering av kor GS-veg skal ligge langs eksisterande fylkesveg. Det er vurdert ei løysing med gang- og sykkelveg på vestsida av fylkesvegen, noko som vil medfører utfylling i Hopsvatnet. Ein har ut frå ei samla vurdering konkludert med at gang- og sykkelvegen skal ligge på austsida av eksisterande veg, i ei avveging mellom naturverdiar, dyrka mark m.m. og målpunkta langs gangog sykkelvegen. Det er utarbeida eit notat der desse vurderingane framkjem, jf. Notat Gang- og sykkelveg – Sidevurdering vedlegg 15.</p> <p>3. Når det gjeld ny veg i tunnel til Mongstad sør må dette løysast i ev. ny plan for næringsområdet. Det ligg ikkje til detaljplan for gang- og sykkelveg langs fv. 57 å vurdere kryssløysing for framtidige næringsområde. Dette planarbeidet legg ikkje hindringar for etablering av nytt kryss til framtidig næringsareal i ein</p>	
--	--	---	---	--

		<p>4. Slik me tolkar det ligg huset vårt slik at me kjem innanfor raud sone når det gjeld støy. Vår tolking er at dette ikkje skal gjerast tiltak for i planen. Dette er heilt uakseptabelt.</p> <p>5. Som me tidlegare har sendt innspel om, synes me framgangsmåten til SVV i denne saka har vore dårleg. Me har bedt om dialog, men det har vorte ignorert. No er det Fylkeskommunen som styrer. Forventar at me no blir kontakta for gjennomgang av konsekvensane dette prosjektet får for oss.</p> <p>6. Då FV57 vart bygd, vart det etablert ei</p>	<p>framtidig reguleringsplan, sjå også Notat Vurdering av kryss og veg frå Mongstad sør vedlegg 17 til planforslaget.</p> <p>4. Eigedommen ligg i delvis raud- og gul støysone. For bustader vil støytiltak, avhengig av lydnivået ved dei einiskilde bustadane, kunne innebere fasadetiltak, utskifting av vindauge, støydempa ventilar i yttervegg eller balansert ventilasjonssystem, og lokal skjerming av uteplass. Støytiltak vil bli vurdert i samsvar med Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442. Forslag til tiltak vil bli utarbeidd i samsvar med gjeldande regelverk i samband med byggeplan og før anleggsstart.</p> <p>5. Det har vore dialog og fleire synfaringar med SVV og representantar frå Lindås/Alver kommune i prosessen.</p> <p>6. Landbruksavkøyrsla til fv. 57 i nordaust er stengt på grunn av trafikktryggleik. Avkøyrsla kan skape farlege situasjonar når vegen er ferdig utbygd. Difor finn ein det naudsynt å stenga avkøyrsla. Eigedommen har tilkomst til fv. 57 via Litlåsvegen. Ein har</p>	
--	--	---	---	--

	<p>landbruksutkøyring. Dette for at me skal ha tilkomst til det dyrka arealet me har vest for vegen. Me finn ikkje denne att i høyringsutkastet. Heller ikkje beskriving av korleis denne skal erstattast. Me må her få svar på korleis dette skal løysast. De må her kalle inn til synfaring slik at dette kan diskuterast.</p> <p>7. Ved å leggja traseen slik som vist i høyringsutkastet vil me tapa dyrka mark. Det er i planomtalen vist til at det er lite areal som vert berørt, men i forhold til det dyrka arealet me har på vår gard, vert det mykje for oss. Me har ikkje noko problem med at det vert nytta areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt er eigd av vegmyndigheita.</p> <p>8. Me ynskjer å møte Vestland fylke og Alver Kommune for ny synfaring, slik at me kan få sett på løysingar gjeldande vår eigedom</p>	<p>fjerna stengesymbol for avkøyrsløse til eigedom 126/7 vest for fv. 57. Her er det lagt inn avkøyrsløse ved pel 9180. Tilpassing og detaljering av avkøyrsløse vil skje i byggeplan. Merknad om dette er lagt inn i Notat til byggeplanfasen, jf. vedlegg 16.</p> <p>7. Sjå kommentar under punkt 2.</p> <p>8. Sjå kommentar under punkt 5.</p> <p>Delvis tatt til følge. Endring av plankart.</p>	
--	---	--	--

Nr. 2 Plankart 13	Frå	Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Uttale til klage - Landbruk	Kommunedirektøren si vurdering
gbnr	Liv	4 hovudkrav vert	Fylkeskommunen	Ved traseen forbi	Denne eigedomen

126/7	Marit og Øyvind Hope	<p>sett fram i klagen:</p> <p>Krav 1: <u>Unngå tap av dyrka mark.</u></p> <p>Krav 2: <u>Landbruksutkøyri ng behaldast</u></p> <p>Krav 3: <u>Unngå raud støysone for bustad</u></p> <p>Krav 4: <u>Synfaring på klagars eigedom</u></p> <p>Krav 1: <u>Unngå tap av dyrka mark.</u> Det kan nyttast areal på vestsida av eksisterande fylkesveg, i staden for på austsida, då dette alt er eigd av vegmyndigheita.</p>	<p>ynskjer generelt å vise til forslagsstillar sine kommentarar til merknader til 2.gongs høyring og offentleg ettersyn, der mange av punkta i klagen er kommentert.</p> <p>Krav 1: <u>Unngå tap av dyrka mark.</u> Gang- og sykkelveg Fylkeskommunen ynskjer å presisera at det er gjort nøye vurderingar av valt løysing, i samsvar med krav til utforming av reguleringsplan for veganlegg. Blant anna er det vurdert</p> <ul style="list-style-type: none"> • landskapsbilete • nærmiljø og friluftsliv • kulturmiljø • naturressursar • val av side for gang- og sykkelveg (vedlegg 15). <p>Valet om å leggja gang- og sykkelvegen på austsida er basert på trafikktryggleik (unngå skifte av side), samt at ein ynskjer å unngå konflikhtar med store miljøverdiar (utfylling i Hopevatnet) og kraftlinjer. Målpunkt som bustadområde,</p>	<p>Hopsvatnet lyt ein sprengje og lage dels store skjeringar over lengre avstandar for å kome fram med g/s på austsida av fv 57.</p> <p>Litleåsvegen, som går parallelt med og ligg aust for fv 57 og som tek av frå fv 57 ved Hope, òg kan nyttast som g/s i tillegg som tilkomstveg for eigedomane langs vege. I nord endar Litlåsvegen ved Mongstadvegen som nett der ligg i Austrheim kommune før den mot Mongstad kjem inn i Alver kommune. Skuleelevar må uansett krysse fv 57 for å kome seg til skulen som ligg på vestsida av fv 57 (Austrheim kommune).</p> <p>Dersom det ikkje byggjast g/s langs Hopsvatnet for så å leie dei syklande/gåande inn på Litleåsvegen, så forstår Landbruk det slik at denne bruken ikkje utløyser krav om g/s langs denne vege.</p> <p>Landbruk savnar ei vurdering om Litleåsvegen kan nyttast som g/s.</p> <p>Dette vil redusere massive inngrep i form av skjeringar og det vil redusere inngrepa i høve</p>	<p>er den som blir mest råka av gang- og sykkelvegen. Slik klagarane skriv, så tapte dei mykje areal ved første utbygginga av fv. 57. Klagarane viser til ca. 10 mål av innmarksbeite som gikk tapt tidlegare.</p> <p>Klagars krav er kommentert/ vurdert tidlegare i merknad til 3. gongshandsaming og 1 gong.</p> <p>Det er ingen nye moment til klagen. Plan vert ikkje endra.</p>
-------	----------------------	---	---	--	---

		<p>Krav 2: <u>Landbruksutkøyri nga behaldast - Avkøyrslle til 126/7</u></p> <p>Landbruksutkøyri na gir tilkomst til det dyrka arealet vest for vegen. Denne forsvinn med ny plan.</p>	<p>skule, idrettsanlegg, friluftsområde, etc. er vurdert opp mot tilgjenge til gang- og sykkelvegen, og sida med flest målpunkt er vurdert som best og mest trafikksikker for gåande og syklende.</p> <p>Krav 2: <u>Landbruksutkøyri behaldast - Avkøyrslle til 126/7- Bygging av veg, enten det er nye veganlegg, etablering av gang- og sykkelveg eller utbetring av eksisterande veg, vil i nokre tilfelle føra til større eller mindre ulemper for grunneigarar langs vegen, ved at dei t.d. får endra tilkomsttilhøve eller må avgi grunn til vegføremålet. Vestland fylkeskommune har forståing for at dette er ein vanskeleg situasjon for dei det gjeld.</u></p> <p>For gnr.126 bnr.7 dagens avkøyrslle med direkte tilkomst til fv.57 er planlagt stengt, noko som dessverre vil føra til ein omveg på 1,2 km. Stenginga er gjort med bakgrunn i trafikktryggleik. I vegplanar er det alltid eit mål å sanera avkøyrslle, då det er eit faktum at di fleire avkøyrslle det er langs ein veg, di høgare er ulukkesrisikoen.</p>	<p>gbnr 124/7 samt reduere omdisponering av jordbruksareal.</p> <p>Dersom alternativet med Litlesåvegen ikkje let seg gjennomføre (grunngrjevinga bør dokumenterast ytteligare), ber Landbruk om at trasè langs Hopsvatnet vert konsekvensvurdert .</p> <p>Konsekvensutredni nga viser kor langt ut i vatnet ein lyt gå, innverknad på fisk og fuglehekking med meir. Slik vert ulempene for vassdragsmiljøet synleggjort og då kan det betre vurderast opp mot konsekvensane for gbnr 126/7.</p> <p>Landbruk har generelle merknadar til planen som også gjeld gbnr 126/7.</p> <p><u>Oppsummert frå Landbruk:</u> I planen er det lagt stor vekt på konsekvensar for areala medan vurdering av driftsmessige ulemper for landbruket er fråverande.</p> <p>Bandlegginga av areal langs fv 57 inneber at bruka mister tilgang til/får forverra tilkomst til</p>	
--	--	--	--	--	--

			<p><u>Anna veggrunn – grøntareal:</u> Av plankartet kan ein sjå at på strekninga frå grensa mellom 126/7 og 126/49, og eit stykke forbi eksisterande avkøyrsløse til 126/7, vert gang- og sykkelvegen planlagt lagt innafor eigedomsgrensa til fylkesvegen. Vidare vestover er det sjølve gang- og sykkelvegen som vert liggande innafor grensa til 126/7, samt det som i planen er avsett som anna veggrunn – grøntareal. For areal avsett til annan veggrunn gjeld at dette er areal fylkeskommunen ynskjer å eiga.</p> <p>Innafor anna veggrunn - grøntareal, er det avsett eit belte som kan nyttast til mellombels rigg- og anleggsområde. Dette er område som ikkje skal eigast av fylkeskommunen, men tilbakeførast eller settast i stand i samsvar med føremål.</p> <p>Planen opnar altså opp for justeringar innafor areal avsett til samferdsleføremål. Det kan vera hensiktsmessig å gjera vurderingar kring dette i samband med byggeplan og prosjektering, t.d vurdering av 3 meter rabatt mellom gang-</p>	<p>bakanforliggjande areal og mellom driftsenter og landbruksareal. Det er såleis langt meir areal enn kva tekstdelen i planen synleggjer, som vert råka.</p> <p>Dei som får slik redusert tilkomst, bør som avbøtande tiltak få tilgang til gang og sykkelsti (g/s) til transport. Det vil sei at g/s må dimensjonerast til tømmerbiltransport og at det vert skilta at dette er lovleg transport.</p>	
--	--	--	---	---	--



		<p>og sykkelveg kontra rekkverk.</p> <p>Systemskifter kan føra til ulukker, så for å få ei trafikksikker løysing må eventuelle endringar vurderast over lengre strekningar. Døme på systemskifte kan vera overgang frå gang- og sykkelveg med 3 m rabatt, til gang- og sykkelveg med rekkverk.</p> <p>Krav 3: <u>Raud støysone for bustad</u></p> <p>For støy vert det vist til støyrapport i vedlegg 3, samt føresegnene §5.1.3. Utklipp under er henta frå rettleiar til T-1442/2021: Det er ikke nødvendig, og heller ikke hensiktsmessig, å skrive inn konkrete avbøtende lokale tiltak i bestemmelsene. Grunnen til dette er at det normalt ikke gjennomføres befaring av private eiendommer i forbindelse med konsekvensutredninger, eller på reguleringsplannivå. Inntil det er gjort befaring på eiendommene og prosjektert lokale tiltak er det derfor usikkerhet knyttet til støynivå innendørs og på privat uteplass, hvilken effekt som kan oppnås av lokale avbøtende tiltak og hvordan disse best kan utformes. Basert på dette, ser me det som mest</p>		
		<p>Krav 3: <u>Unngå raud støysone for bustad</u></p>		

			<p>hensiktsmessig å venta med konkrete tiltak til byggeplanfasen.</p>		
		<p>Krav 4: <u>Synfaring på klagars eige-dom</u></p>			<p>Krav 4: <u>Synfaring på klagars eige-dom</u> Synfaring er gjennomført ved 1. gongs handsaming av planen.</p> <p>Ny synfaring med</p>


					kommunen finn stad før APM møte den 07.09.2022.
--	--	--	--	--	---

Klagar nr. 3 - Rita Waagenæs – gbnr 116/79

Kart/foto – plankart 8 og ortofoto – gbnr 116/79



Ortofoto Alver 2020 – gbnr 116/79



Nr. 3 Plankart 8	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til oppstart reguleringsplan	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 116/79	Rita Waagenæs	-	-	-

Nr. 3 Plankart 8	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til 1. gongs offentlig ettersyn	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 116/79	Rita Waagenæs	-	-	-

Nr. 3 Plankart 8	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til 2. gongs offentlig ettersyn	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr	Rita	1. Ny vei SV52 fra FV57 til	1. Etter innspel frå	Kommunedirektøren


116/79	Waagenæs	<p>eiendom må stoppe ved dagens asfalterte vei, ca., ved eiendomsgrense, se blåmarkert på skisse. Utkjørsel fra garasje er mot vest og FV57, og må ha tilsvarende plass som i dag til utkjøring.</p> <p>2. Parkeringsplasser ved dagens avkjørsel fra FV57 vil bli fjernet ved utbygging. Plassen har mulighet for oppstilling av 3- biler. Disse plassene må erstattes ved å planere og utvide dagens plass utenfor garasje.</p> <p>3. Mulig behov for mur opp mot ny fylling fra FV57, se rødmarkering på skisse.</p> <p>4. Det er ønskelig med en gangsti fra ny bussholdeplass og ned til huset, se svartmarkering på skisse</p>	<p>grunneigar av gnr. 116 bnr. 30 og 32 har ein endra veg SV52 (merknad 12). Tilpassing av veg SV52 frå eigedomsgrænse og til garasje på eigedom kan løysast i byggeplan. Det er lagt inn ein merknad om dette i Notat til byggeplan, sjå vedlegg 16.</p> <p>2. Ny fv. 57 er heva og dagens parkeringsplass vil derfor ligge under ny GS-veg. Det vil også kome eit autovern på staden. Tap av areal og ei ev. erstatning vil skje i samband med byggeplan og grunnerv. </p> <p>3. Mindre tilpassingar av veg SV52 og o_SVG1 vil løysast i byggeplan.</p> <p>4. Det vil vere mogleg å gå i anna vegareal o_SVG1 til busshaldeplass. Det vil ikkje verte regulert og etablert eige gangareal til busshaldeplass.</p> <p>Delvis tatt til følgje. Endring av plankart.</p>	<p>tar dette til orientering.</p> <p>Endeleg løysing blir løyst på byggeplan. Samt at eventuelle tap blir kompensert og tatt i samband med grunnerv</p>
--------	----------	--	---	---

Nr. 3 Plankart 8	Frå	Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Uttale til klage- Landbruk	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 116/79	Rita Waagenæs	<p>Krav 1: <u>Tre biloppstillingsplassar vert opparbeida.</u></p> <p>Krav 2:</p>	<p>Vestland fylkeskommune viser til fylgjande: Føresegnene § 4.2.1, bokstav b),</p>	-	<p>Det ikkje er vanleg å gå nærare detalj om utforming på dette stadiet. Dette blir tatt på byggeplan slik Vestland</p>


		<p><u>Mogleg behov for mur opp mot ny fylling frå Fv.57</u></p> <p>Klagar finn det urimeleg at det ikkje opparbeidast tilsvarande parkeringsplassar ved garasje på eigedom 116/79 som kompensasjon.</p> <p>Parkeringsplassane må bli i området kor ny veg SV52 er teikna inn i eigedom 116/69. At det blir planert og evt. satt opp ein mur mot skjeringa frå ny busslomme.</p>	<p>siste setning, der det heiter at det er tillate med innbyrdes justering mellom samferdselsformål i horisontal og vertikalgeometri.</p> <p>Kommentarar til Waagenes sin merknad til 2. gongs høyring og offentleg ettersyn:</p> <ul style="list-style-type: none"> o Tap av areal og ei ev. erstatning vil skje i samband med byggeplan og grunnnerv. o Mindre tilpassingar av veg SV52 og o_SVG1 vil løysast i byggeplan. <p>Vedlegg 16, Notat innspel til byggeplanfasen, pkt 4.4 avkøyrslar:</p> <p>Avslutning av veg SV52 til eiendom gnr. 116 bnr. 79 må tilpasses utkjøring fra eiendom og garasje.</p> <p>Samla sett vurderar fylkeskommunen det slik at det i samband med byggeplan og grunnnerv vil kunne gjerast justeringar, og at ein kan finna ei løysing som er tilfredsstillande for begge partar.</p>	<p>fylkeskommune skriv.</p> <p>Klagars krav er kommentert/ vurdert tidlegare i merknad til 3. gongshandsaming.</p> <p>Det er ingen nye moment til klagen. Plan vert ikkje endra.</p>
--	--	---	---	--

Kart/foto – plankart 4 og 5 samt ortofoto – gbnr 117/3


Plankart 4




Plankart 5



Gardskart – gbnr 117/3



Ortofoto Alver 2020 - gbnr 117/3



Nr. 4 Plankart 4 og 5	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til oppstart reguleringsplan	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 117/3	Harry Michal Rosnes, 12.02.2015	<p>I – Uakseptabel yttergrense for prosjektet ved Rosnes, spesielt vestleg yttergrense. Vesentlege øydeleggingar av jordbruksareal for landbrukseigedomar i drift og rasering av fleire jordbrukseigedomar (til dømes 117/3).</p> <p>II – Lett å byggje g/s-veg på austsida av køyrevegen. Følgje tilnærma hovudvegen sin trasé og endre litt på eksisterande køyrebane. Vedlagt kart viser forslag til ny vegtrasé</p> <p>III – Nødvendig utbering av avkøyrsele på Rosnes Midt. Framleis farleg etter nedsetting av fartsgrensa.</p>	<p>Merknaden er vurdert og er i stor grad teke i vare i planen.</p> <p>I – Grensa som var sendt ut var ein varslingsgrense, ikkje ein prosjektsavgrensing.</p>	-

		<p>IV – Samordning av avkøyrsele på Rosnes Sør med avkøyrsele på Rosnes Midt samt bruk av g/s-vegen som tilkomstveg til Rosnes Sør, bør vurderast for å betre trafikkforholda.</p> <p>V – Plassering av haldeplassane er ikkje trafikkisikker. Passasjerar må krysse vegbane og bussar klarer ikkje å stoppe. Litt betre forhold etter nedsetting av fartsgrensa.</p> <p>Vedlegg: Kartskisse</p>		
--	--	--	--	--

Nr. 4 Plankart 4 og 5	Frå	Samandrag av merknader/innspel til 1. gongs offentleg ettersyn	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbr 117/3 Plankart 4 og 5	Harry Michal Rosnes	-	-	-

Nr. 4 Plankart 4 og 5	Frå	Samandrag av merknader/innspel til 2. gongs offentleg ettersyn	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbr 117/3	Harry Michal Rosnes	<p>1. Er eigar av landbrukseigedom gnr. 117 bnr. 3 som er i drift, med innmark, beite og utmark på begge sider av Fv 57. To landbruksavkøyrslar er stengt - Stemmestølen og Storgjerdet. Det er betydelege driftsulemper knytt til fjerning. Føreset at tilsvarande landbruksavkøyrslar med tilhøyrande landbruksveg vert etablert som i dag.</p> <p>2. Har vassforsyning frå brønn, vist i vedlagt kart. Antar at eventuell ny fjellsprenning for etablering</p>	<p>1. Det er tilgang til bruk 117/3 i vest via avkøyrslar f_SKV6. Tilgang til 117/3 i aust er via veg f_SV16 og køyring på GS-veg. Del av dei mindre landbruksteigane 117/3 ved Rosnesvågen og Tjukketlevatnet er avsett til køyreveg SKV og anna veggrunn SVG samt midlertidig bygge- og anleggsområde. Ev. erstatning for tap av areal vil skje i samband med byggeplan og grunnerv. 2. Eventuelle erstatning for ev. tap</p>	Tatt til orientering.


		<p>av ny Fv 57 lett kan medføre at brønnen mister vatnet. Meiner det er hensiktsmessig å legge rør gjennom Fv for vassforsyning til offentlig vassleidning.</p> <p>3. Avkøyrsl som i planen er avsett som erstatning for sjøtilkomst til fleire bruk på Rosnes er i dag ei betydeleg trafikkfelle. Vil føre til betydeleg trafikkauke. Plasseringa bør verte vurdert på nytt. Avkøyrsla bør flyttast lenger syd, godt syd forbi dagens avkøyrsl. Ser ikkje om noverande sjøveg kan nyttast som gangveg, men føreset dette.</p> <p>4. Plassering av busshaldeplassar på Rosnes midt bør vurderes på nytt for å oppnå betre siktforhold med en intensjon om å minimalisere og redusere farepotensial ved kryssing av veg.</p> <p>5. Avkjørsle Rosnes midt bør vurderes på nytt.</p>	<p>av vassforsyning vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.</p> <p>3. Avkøyrsl f_SV18 er retta opp og sikt er tilstrekkeleg slik at trafikktryggleik er ivaretatt. Ein kan tilpasse bruk av eksisterande sjøveg som gangveg til ny GSveg. Dette er kommentert i notat til byggplanfasen, sjå vedlegg 16. Ny køyrbar veg til naustområde er tilrettelagt, men må kostast av grunnleigerar.</p> <p>4. Busshaldeplassane er prosjektert etter krav i Statens vegvesen sine handbøker. Busshaldeplassar på vegstrekninga har tilstrekkeleg sikt og er trafikksikre.</p> <p>5. Ny avkøyrsl f_SKV6 er retta opp og sikt er tilstrekkeleg og avkøyrsla er trafikksikker.</p> <p>Ikkje tatt til følge. Ingen endring i planforslaget.</p>	
--	--	---	--	--

Nr. 4 Plankart 4 og 5	Frå	Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Uttale - Landbruk	Kommunedirektørens si vurdering
gbrn 117/3	Harry Michal	Krav 1: <u>Oppretthalde 2</u>	Krav 1: <u>Oppretthalde 2</u>		Krav 1: <u>Oppretthalde 2</u>

	Rosnes	<u>avkøyrslar frå «Storagjerdet» og «Stemmestølen»</u>	<u>avkøyrslar frå «Storagjerdet» og «Stemmestølen»</u> Kommentar til merknad til 2.gongs høyring og offentleg ettersyn: <i>Det er tilgang til bruk 117/3 i vest via avkøyrslar f_SKV6. Tilgang til 117/3 i aust er via veg f_SV16 og køyring på GS-veg. Del av dei mindre landbruksteigane 117/3 ved Rossnesvågen og Tjukketvatnet er avsett til køyreveg SKV og anna veggrunn SVG samt midlertidig bygge- og anleggsområde. Ev. erstatning for tap av areal vil skje i samband med byggeplan og grunnerverv.</i> For den delen av 117/3 som er omtalt som Stemmestølen, er det meste av dette arealet avsett til anna veggrunn og mellombels rigg- og anleggsområde. Anna veggrunn er areal som Vestland fylkeskommune ynskjer å eiga. Det har ikkje lete seg gjera å få tilkomst direkte frå fylkesvegen til arealet, og erstatning for tapt areal og skog vil då bli ein del av grunnerverv. Dersom grunneigar ynskjer, kan det gjerast avtale om uttak og bruk av		<u>avkøyrslar frå «Storagjerdet» og «Stemmestølen»</u> Klagars krav er kommentert/ vurdert tidlegare i merknad til 3. gongshandsaming. Det er ingen nye moment til klagen. Plan vert ikkje endra.
--	--------	--	--	--	---

			<p>skog når tiltaket skal gjennomførast.</p> <p>For området omtalt som Storagjerdet, vil også store deler av dette området verta avsett til anna veggrunn og mellombels rigg- og anleggsområdet. Her vil det bli lagt til rette for tilkomst via gang- og sykkelveg.</p> <p>Krav 2: <u>Forbehold om skader på eksisterande brønn og vannforsyning</u></p> <p>Dersom etablering og drift av ny fv.57 fører til skade på vassforsyning frå eksisterande brønn til driftsbygning og våningshus, vil dette vera grunnlag for erstatning.</p>		
		<p>Krav 2: <u>Forbehold om skader på eksisterande brønn og vannforsyning</u></p>			

Kart/foto – plankart 7 og ortofoto – gbnr 116/36



Ortofoto Alver 2020 – gbnr 116/36



Nr. 5 Plankart 7	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til oppstart reguleringsplan	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 116/36	Karstein Stene	Ingen merknad/innspeil	-	-

Nr. 5 Plankart 7	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til 1. gongs offentleg ettersyn	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 116/36	Karstein Stene	Ingen merknad/innspeil	-	-

Nr. 5 Plankart 7	Frå	Samandrag av merknader/innspeil til 2. gongs offentleg ettersyn	Kommentar -Vestland fylkeskommune	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 116/36	Karstein Stene	Ingen merknad/innspeil		

Nr. 5 Plankart 7	Frå	Samandrag av klage for vedteken reguleringsplan	Kommentar - Vestland fylkeskommune	Uttale - Landbruk	Kommunedirektørens si vurdering
gbnr 116/36	Karstein Stene	1. <u>Krav til to parkeringsplassar avsett til framtidig naust.</u>	<p>1. <u>Krav til to parkeringsplassar avsett til framtidig naust.</u></p> <p>Det er sikra tilkomst til eigedommen 116/36 via f_SV59 (og gangvegen som går vidare) jamfør føresegnene, §4.2.2 h): <i>Veg f_SV59 (plankart 9) skal vere felles for gnr. 116 bnr. 5, 27, 36, 38.</i></p> <p>I vedlegg 16 «Innspeil til byggeplanfasen», er område merka med f_SVG10 avsett til parkeringsplassar.</p> <p>Tal</p>	-	<p>1. Det er eit detaljplankrav på området til klagar. Klagar må anten utarbeide detaljplan eller søkje dispensasjon frå plankravet for oppføring av naust.</p> <p>I fv. 57 planen er det ikkje satt av parkeringsplassar til denne eigedomen. Det er krav til parkeringsplass når klagar skal utarbeide ein detaljplan, evt. søke dispensasjon for oppføring av naust.</p> <p>Fylkeskommunen har svart at det er plass til å avsette parkeringsplass til denne eigedomen når dei går i gang med byggeplan.</p> <p>Klagar har tilkomst til eigedomen. Det er vanleg at klagar sjølv opparbeider parkeringsplass til naust i samband med ein framtidig reguleringsplan/dispensasjon.</p>

			parkeringsplassar skal vurderast i byggeplanfasen.		Kommunen legg til grunn at klagar bør bli sikra ein parkeringsplass til naustet no. Dette kan løysast på byggeplan slik fylkeskommunen skriv.
--	--	--	--	--	---

Konklusjon

Etter ein konkret heilskapleg vurdering, så er planen vurdert å vere noko inngripande overfor grunneigarane, der gbnr 126/7 truleg vert hardast ramma. Styrken av samfunnsinteressene er likefullt vesentlege målt opp mot grunneigars interesse. Planen må gis forrang og vert ikkje endra.

Det er kommunaldirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at klagen skal takast til følge og vedtaket gjerast om.

Aktuelt regelverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunnigjeven, kan det settast fram krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.
- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunnigjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlege kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.

· Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følge av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg i saken:

12.08.2022	Uttale frå landbruksavdeling til klage på reguleringsplan for Fv 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad-Mongstad	1784971
10.06.2022	Vurdering av klager på vedtatt reguleringsplan - gang- og sykkelveg fv. 57 Lindås tettstad-Mongstad	1752872
19.05.2022	Klage på detaljreguleringsplan for Fv. 57 med gang- og sykkelvei fra Lindås til Mongstad	1741278
16.05.2022	Klage til vedtatt plan Fv. 57 med gang- og sykkelveg - Lindås tettstad Mongstad som gjeld eigedom 11/79 Alver	1739717
13.05.2022	Klage på reguleringsplan Fv. 57 - gang-/sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad	1738971
11.05.2022	Klage på Detaljregulering for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, Planld. 1263 201407	1737488
04.05.2022	Klage på Reguleringsplan for Fv.57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad	1734199
08.04.2022	Reguleringsplan for Fv.57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad - 3. gongshandsaming - vedtak av plan	1616691
14.03.2022	Vedlegg 1 - Planskildring	1706330
14.03.2022	Vedlegg 2 - Føresegner	1706331
10.03.2022	Vedlegg 3 - Plankart 1-14	1706332
10.03.2022	Vedlegg 4 - Støyrapport	1706333
14.03.2022	Vedlegg 5 - Fagrapport - Naturmiljø	1706334
10.03.2022	Vedlegg 6 - Fagrapport Økosystem i ferskvatn	1706335
10.03.2022	Vedlegg 7 - Fagrapport Marinkartlegging	1706336
10.03.2022	Vedlegg 8 - Fagrapport Naturressursar	1706337
10.03.2022	Vedlegg 9 - Fagrapport Kulturminner og kulturmiljø	1706338
10.03.2022	Vedlegg 10 - Rapport - Nærmiljø og friluftsliv	1706339
10.03.2022	Vedlegg 11 - Geoteknisk rapport Statens vegvesen	1706340
10.03.2022	Vedlegg 12 - Ingeniørgeologisk rapport	1706341
10.03.2022	Vedlegg 13 - Rigg og marksikringsplan	1706342
10.03.2022	Vedlegg 14 - Faseplaner	1706343
10.03.2022	Vedlegg 15 - Notat - Sidevurdering Gang- og sykkelveg	1706344
10.03.2022	Vedlegg 16 - Notat innspill byggeplanfasen	1706345
10.03.2022	Vedlegg 17 - Støysonekart	1706346
10.03.2022	vedlegg 18 - Plan og profildeikningar	1706347
10.03.2022	Vedlegg 19 - Profildeikningar	1706348
10.03.2022	Vedlegg 20 - Normalprofil	1706349
10.03.2022	Vedlegg 21 - Landskapsplan	1706350
14.03.2022	Vedlegg 22 - VA plan	1706351
14.03.2022	Vedlegg 23 - Samlefil innkomne merknader 2.gongs offentleg ettersyn	1706352
10.03.2022	Vedlegg 24 - Merknadsskjema og endrings skjema - 2 gongs offentleg ettersyn 20.08.2021	1706353
10.03.2022	Vedlegg 26 - ROS-analyse	1706355
10.03.2022	Vedlegg 27 - Presentasjonsmodell	1706356

10.03.2022	Vedlegg 28 - Begrunning for linjeforing ved Hellestveit	1706357
14.03.2022	Vedlegg 25 - VA rammeplan	1706605
11.03.2022	Vedlegg 29 - Saksframlegg 1. gongshandsaming	1706660
11.03.2022	Vedlegg 30 - Saksframlegg, 2. gongshandsaming	1706661
14.03.2022	Vedlegg 31 - Vurdering av merknader etter 2. gongshøyring	1706678
29.08.2022	Plankart 3 - reguleringsplan for Fv.57	1790982
29.08.2022	Plankart 13 - reguleringsplan for Fv.57	1790983
29.08.2022	Plankart 8 - reguleringsplan for Fv.57	1790984
29.08.2022	Plankart 4 - reguleringsplan for Fv.57	1790985
29.08.2022	Plankart 5 - reguleringsplan for Fv.57	1790986
29.08.2022	Plankart 7 - reguleringsplan for Fv.57	1790987
31.10.2022	Svar på spørsmål - klage på reguleringsplan - Fv.57 - gang og sykkelveg - Lindås tettstad - Mongstad - Alver kommune (L)(866471)	1826243
31.10.2022	Spørsmål og invitasjon til utgreiing i møte for Utval for areal, plan og miljø - Klage på reguleringsplan for Fv.57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad - Mongstad (L)(850196)	1826343